

Informasjon frå KoKom Nr. 1 - juni 2010

Nasjonal konferanse - medisinsk nødmeldetjeneste

Kryss av i kalenderen!

Nytt i år: Leiardag i forkant av konferansen.

TID:

10. - 11. november 2010

STAD:

Sola Strand Hotel, nær flyplassen i
Stavanger

Tilskiparar: Regionalt akuttmedisinsk kompetansesenter
(Rakos), Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin,
Helsedirektoratet og KoKom.

I 2010 arbeider KoKom med følgande prosjekt:

Helseradiodatabasen

I samband med nødnettprosjektet har KoKom i fleire år samla data om helseradionettet. Ulike brukargrupper har nytte av opplysningane, og KoKom har difor arbeidd for å få etablert ei web-løysning der autoriserte brukarar har tilgang, og kan legge inn informasjon om eiga eining.

WEB-tilgang og database er per i dag operativ, og har vore demonstrert for potensielle brukarar med udelt positive tilbakemeldingar. I samband med endringar som vert gjennomført i helseradionettet blir data oppdatert. Dette vil bidra til å betre datakvaliteten ytterlegare.

Gevinstrealisering i Nødnett

KoKoms plan for gevinstrealisering i "Legers tilgjengelighet og funksjon i nødnettet med ROS-analyse", samt "Legevaktssentralens funksjon i nødnettet" er oversendt Helsedirektoratet.

For å sikre at det blir mogleg å etterprøve gevinstrealiseringa, vil det vere nødvendig å ta praktiske grep på lokalt og nasjonalt nivå. Frå juli 2010 skal KoKom bidra i utforminga av

ein nasjonal gevinstrealiseringsplan, som kan verke som rettesnor for kommunehelsetenesta når det nye nødnettet vert tatt i bruk. Arbeidet skjer i samarbeid med Helsedirektoratet.

Medisinsk nødmeldetjeneste og kulturelle minoritetar

Eit samarbeidsprosjekt med AMK Oslo-Akershus og Nasjonal kompetanseenhet for minoritetshelse (NAKMI).

I prosjektet er det simulert 25 telefonsamtalar til AMK-sentralen der innringar har minoritetsbakgrunn. Samtalane er logga og vert analyserte ved NAKMI, som har eksepterte på interkulturell kommunikasjon.

Handtering av lydlogg

I dette prosjektet tek ein sikte på å utarbeide ei tilråding til nasjonale retningslinjer i form av ein vegleiar med forslag til rutinar for handtering av lydlogg. Hovudmålet med prosjektet er å tilstrebe einsarta handtering av lydlogg i medisinsk nødmeldetjeneste.

Pilotprosjektet "Kvalitet og erfaringsutveksling ved hjelp av lydlogg", vert gjennomført ved Nordhordland legevakt. I tillegg følgjer vi prosjektet "Kvalitetskontroll ved hjelp av randomisert gjennomgang av lydfiler" ved AMK-Bergen.

Deaf Access 112

Hovudmålet i dette EØS-prosjektet er å tilpasse ei teneste for døve i Litauen til nødnummer 112.

I tillegg til KoKom deltek Det litauiske døveforbundet, Det nasjonale rehabiliteringssenteret for døve og Respons-senter for nødnummer 112 i Litauen. I prosjektperioden tek ein sikte på å utveksle erfaringar og gjere seg kjent med internasjonal utvikling der ein tilpassar tenester til ikkje-høyrande, klarlegg kva behov døve har for ei meir brukarvennleg nødmeldetjeneste, samt diskuterer moglege alternativ for å gjere 112 tilgjengeleg for døve i Litauen. Resultatet av

prosjektet vil bli levert i ei gjennomførlegheitsstudie.

eCall

KoKom er prosjektleder for forprosjektet eCall i Norge. Prosjektet er et samarbeid mellom Samferdsels-, Justis- og Helse og omsorgsdepartementet.

I tillegg til å gjennomgå CEN*-dokument på høyring, deltek KoKom i ei gruppe som utvekslar erfaringar og ser på utfordringar i samband med implementering av eCall i det enskilde land. På EU-kommisjonsnivå går ein politisk prosess som er venta å leie fram til at eCall blir heimla i direktiv, og dermed ei pålagd teneste.

**European Committee for Standardization (CEN)*

**Les meir om prosjekta på
www.kokom.no/prosjekt**

PSC- Europe

I inneverande periode leiar Egil Bovim arbeidet i Forum for Public Safety Communication Europa.

Meir informasjon på: www.psc-europe.eu

- Kompetanse hjå LV og AMK operatørar

KoKom skal bidra med kompetanseplan for LV-og AMK-operatørar.

Formelt samarbeid om prosjektutføringa skal inngåast med kvart av dei regionale helseføretaka.

Føremålet med kompetanseplanen skal vere å sikre at den enskilde operatøren har kompetanse som gjeld kunnskap, haldningar og fokus på at operatøren er eigna for arbeidsoppgåvene.

Arbeidet vil bygge på ”Anbefaling for opplæring og oppfølging av operatørar” frå

2002. Prosjektet skal gjennomført innan utgangen av 2010.

- Funksjonelle krav til oppdragshandteringssystem

Medisinsk nødmeldeteneste nyttar i dag AMIS som oppdragshandteringssystem. Systemet har utvikla seg over tid og ulike modular og integrasjonar har blitt lagt til.

Hovudmålet med prosjektet er å etablere ein referanseplattform for produkt som vert utvikla, eller som vert tatt i bruk som oppdragshandteringssystem og EPJ i nødmelde- og ambulanseteneste.

- Lokasjonsbestemte tenester i nødnett

Prosjektet skal undersøke om det er mogleg å lage lokasjonsbaserte tenester i nødnett.

Tenesta kan t.d. gje trafikk-informasjon for område som radioterminalen er lokalisert i, som ei melding til radioterminalen.

LV/AMK-simulatoren ved KoKom

I løpet av våren har det vore heldt to kurs i KoKom sin simulator med teoretisk- og praktisk gjennomgang. I tillegg omfatta opplæringa bruk av Callsenterløysing, som kombinerer radio og telefoni, samt ein ny versjon av flåtestyringssystemet.

Funksjonalitetane i simulatoren har også vore presenterte for representantar frå politiet, Norges døveforbund, for nødmeldetenesta i Litauen, eksterne leverandørar og andre kompetansesentre innan helse.

Nytt om staben

Øyvind Hope, er tilsett som IKT-rådgjevar ved KoKom frå og med mars månad. Hope er cand.polit frå Institutt for informasjonsvitenskap, Universitetet i Bergen, og har tidlegare arbeidd ved Senter for inkluderande arbeidsliv.



Prosjektsamarbeid: I mai besøkte representantar for nødmeldetenesta i Litauen og Norges Døveforbund, KoKom i Bergen

Redaktør:
Anne B. Vassbotn